




LINDÅS KOMMUNE

Kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden 2011–2023

Konsekvensutgreiing og ROS-analyse av tilleggssområde

2. gongs høyring, begrensa



Konsekvensutgreiing og ROS-analyse
2. gongs høyring, begrensa

**Kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden
2011–2023**
Lindås kommune

Utarbeidd av:
Lindås kommune, Areal- og miljø

Dato: 26.11.2014

Innhald

1.	Om konsekvensutgreiinga	4
1.1	Metode.....	4
2.	Om ROS-analysen.....	6
2.1	Føresetnader	6
2.2	Metode.....	7
2.2.1	Fareidentifikasjon.....	7
2.3	Vurdering av sannsyn.....	8
2.4	Vurdering av konsekvens	8
2.5	Vurdering av risiko	10
3.	Konsekvensutgreiing	11
3.1	Spjeldnes gard	11
3.2	Indre Lygra.....	13
3.3	Lygra.....	14
3.4	Spjotøy.....	16
3.5	Risa	18
3.6	Kvalvågnes	20
3.7	Lygra (Brusundet).....	22
3.8	Sjøsettingsplass i Lindås (to alternativ).....	25
3.8.1 Ådnevik ved Rognaldsen bakeri.....	25
3.8.2 Aust for Spjeldneset bru.....	28
3.9	Ådnevik - naustområde.....	30

1. Om konsekvensutgreiinga

Planar som set rammer for framtidig utbygging skal ha ei særskilt vurdering og skildring av konsekvensane for miljø og samfunn. Dette går fram av plan- og bygningslova § 4-2. Konsekvensutgreiingsforskrifta utdjupar kravet til konsekvensutgreiing (KU). Denne utgreiinga for arealdelen av kommuneplanen for Lindås kommune, er utarbeidd med utgangspunkt i føringane i lov og forskrift.

Vurderingane skal vere på oversiktsnivå, og dei skal beskrive verknadane for miljø og samfunn av nye områder for utbygging eller vesentleg endra arealbruk i eksisterande byggjeområde.

Kommunedelplan med KU for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden vart lagt fram for 2.gongs handsaming i plan- og miljøutvalet 14.12.2011 (sak 06/2864). På bakgrunn av merknader som er mottekne i høyringsperioden, vart det i plan- og miljøutvalet vedteke å legge inn 20 endringar i planen. Fleire av endringsforslaga er av ein slik karakter at det må utførast ei konsekvensutgreiing før planen vert sendt ut på ei avgrensa høyring. Areal- og miljøavdelinga i Lindås kommune har utført KU for endringsforslaga. Det har vore fokusert på å gjennomføre KU etter den same metoden som vart brukt i opprinneleg KU frå jan.2011. Når det gjeld KU-tema er dette oppdatert i høve Vegleiar frå Miljøverndepartementet (2008), men følgjer i hovudtrekk tema i planprogrammet (vedtatt 18.09.2008).

1.1 Metode

Metodisk er det teke utgangspunkt i Statens vegvesen si handbok 140 "konsekvensanalyser"¹. KU for dei 20 merknadene følgjer tilsvarende metode som KU for kommunedelplanen Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden, datert jan.2011. Metoden er tilpassa lokale tilhøve og dette planarbeidet. Det er lagt opp til ei konsekvensutgreiing i tre fasar:

- *Verdi*. Ei vurdering av kor verdifulle dei ulike tema er innafor planområdet.
- *Påverknad*. Ei vurdering av kor stort inngrep tiltaket vil medføre for dei ulike tema.
- *Konsekvens*. Ei samla vurdering av verdi og påverknad.

Områda som er konsekvensutgreidd, er vurdert ut frå følgjande oppsett:

KU-tema	Forklaring
Landskap	Verknader for landskapet, under dette eksponering, terrenginngrep og ivaretaking av dei viktigaste landskapsdraga. Det er lagt vekt på om områda har viktige opplevingskvalitetar eller på andre måtar er sårbare for inngrep. Vurdering av landskap er utført i ein eigen landskapsanalyse ² , utført av Lindås kommune i samband med prosjektet «Landskap i kommunal planlegging».
Friluftsliv	Verknader for område i bruk eller ønska brukt til friluftsliv. Det er teke utgangspunkt i den regionale kartlegginga av friluftsområde.
Naturmangfald	Verknader for viktige naturtypar, artar og inngrepfri natur. Det er teke utgangspunkt i Artsdatabanken sitt Artskart, Naturbase og kommunen sine egne viltkart.
Landbruk	Verknader for landbruket, under dette sikring av jordressursar og skog i drift. Det er teke utgangspunkt i kartlegginga av kjerneområde landbruk, som er utarbeidd i samband med planarbeidet, digitalt markslagskart og kommunen sin landbruksplan.
Helse	Verknader for befolkninga si helse og fordeling av helse i befolkninga. Under dette støy, lukt, luftureining og universell utforming og uteområde.
Kulturminne og kulturmiljø	Verknader for registrerte kulturminne og viktige kulturmiljø. Det er teke utgangspunkt i blant anna registreringane i Askeladden.
Risiko og sårbarheit	Synleggjering av risiko og sårbarheit som har tyding for om arealet er eigna til utbyggingsføre mål og eventuelle endringar av slike tilhøve som følgje av planlagd utbygging. Under dette kriminalitetsførebygging, trafikktryggleik, havnivåstigning, ras, flaum, m.m. Der det er identifisert fare, vert dette teke vidare til risiko- og sårbarheitsanalysen.
Miljø og klima	Verknader for transportbehov og energiforbruk, klimagassutslepp, anna utslepp til luft, ureining av jordbotn og vatn.

¹ Statens vegvesen 2006. Konsekvensanalyser nr. 140 i vegvesenet sin handbokserie.

² Lindås kommune 2009: «Landskapsanalyse for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden».

Born og unge	Verknader for oppvekstvilkår for born og unge, inkludert tilgang til uteområde og omdisponering av areal som er i bruk til uorganiserte aktiviteter.
Samfunn	Sosiale og økonomiske verknader av tiltaket, som verdiskaping, næringsutvikling og lokalsamfunnsutvikling.
Samla vurdering	Samla vurdering av verknadene av planlagt utbyggingsføremål, der dei mest utslagsgjevande verknadene vert nemnd.
Framlegg til endring	Her går det fram kva endringar i plandokumentet som innspelet vil føre til. Det går også fram om avgrensinga av området er endra og om det vert gjevne restriksjonar, som utgreiingskrav, rekkeføljekrav eller plankrav.

Verdivurdering

Dei vurderte areala er gjevne verdi ut frå følgjande skala:

- Liten verdi: Lokal interesse og verdi.
- Middels verdi: Regional interesse og verdi.
- Høg verdi: Nasjonal interesse og verdi

Landskapsanalysen opererer med forvaltningsstrategi for delområda istadenfor verdi (Jf. Temakart LA8 i Landskapsanalyse 2009). Utifrå registrert tilstand og karakterstyrke har ulike delområde fått ulike strategiar for utvikling:

Beskytte (orange) - Utviklinga skal ikkje føre til forringing av dei karaktergjevande landskapselementa. Endringar skal skje som ledd i beskyttelse eller forbetring av areala.

Vedlikehalde (fiolett) - Endringar som ein del av vedlikehald av landskapskarakteren (stadbunden næring). Tiltak/arealbruk som har konsekvensar for landskap bør vurderast i høve til korleis det spelar på lag/samspelet med landskapskarakteren.

Endre (grøn) - Område med lite landskapsmessig verdi att, kan transformerast. Ved endring av areala sitt landskapsuttrykk skal det takast omsyn til det omkringliggjande landskapet.

Der tilstanden i områda er dårleg, viser strategikartet dette slik:

Beskytte og forbetre (gul)

Vedlikehalde og forbetre (mørk lilla)

Dette vart i den opprinnelege KU'en frå jan.2011 overført til verdi:

Beskytte/ Beskytte og forbetre = Stor verdi

Vedlikehalde/ Vedlikehalde og forbetre = Middels verdi

Endre = Liten verdi

Vurdering av påverknad (omfang)

Vurderingane av påverknad er eit uttrykk for kor store negative eller positive endringar det aktuelle innspelet vil medføre for det enkelte område. Påverknaden er vurdert i høve til alternativ 0, som er ingen tiltak i området.

Skala for påverknad:

- Stor negativ påverknad: Tiltaket vil vere øydeleggande for det aktuelle tema.
- Middels negativ påverknad: Tiltaket vil redusere verdien av det aktuelle tema.
- Noko eller ubetydeleg påverknad: Tiltaket har ingen særskilt innverknad på tema.
- Middels positiv påverknad: Tiltaket vil betre verdien av det aktuelle tema
- Stor positiv påverknad: Tiltaket vil i stor grad betre verdien av det aktuelle tema.

Konsekvensvurdering

Konsekvensvurderinga er ei sammenstilling av det enkelte tema sin verdi og tiltaket sin påverknad/omfang, sjå figur 1 til høgre. Konsekvensvurderinga er gjort for kvart enkelt innspel både for det einkilde tema og som ei samla vurdering av alle tema. Det er også foreslått avbøtande tiltak.

Tilrådingane til endra arealbruk er oppsummert i tabell til slutt i dokumentet. Dei samla konsekvensane av planframlegget med tilrådd ny arealbruk og føresegnar er også vurdert i siste kapittel.

Fareidentifikasjon risiko- og sårbarheit

I samband med risiko- og sårbaranalysen, skal det utførast:

- 1) Overorda sårbarheitsvurdering
- 2) Fareidentifikasjon
- 3) Analyse av risiko for uønska hendingar (sannsyn x konsekvens)
- 4) Identifikasjon av risikoreduserande tiltak

Punkt 1 og 2, sårbarvurdering og fareidentifikasjon, er utført i konsekvensutgreiinga. Punkt 3 og 4, analyse av risiko og identifisering av risikoreduserande tiltak, er del av ein eigen risiko- og sårbaranalyse (ROS-analyse). ROS-analysen for det enkelte areal er vist fortløpande bak konsekvensutgreiinga for kvart område.

Verdi		Omfang		
		Liten	Middels	Stor
Stort positivt				Måget stor positiv konsekvens (++++)
				Stor positiv konsekvens (+++)
Middels positivt				Middels positiv konsekvens (++)
				Liten positiv konsekvens (+)
Noko positivt				Ubetydelig (0)
				Ubetydelig (0)
Intet				Liten negativ konsekvens (-)
				Middels negativ konsekvens (--)
Noko negativt				Stor negativ konsekvens (- - -)
				Måget stor negativ konsekvens (- - - -)
Middels negativt				
Stort negativt				

Figur 1: "Konsekvensvifta".

Konsekvensen for eit tema kjem fram ved å samanhalde området sin verdi for temaet og tiltaket sin verknad.

SVV handbok 140

2. Om ROS-analysen

Risiko- og sårbarheitsanalysen er utarbeidd i samsvar med plan- og bygningslova § 4-3 og NS 5814:2008. Målet med ROS-analyse er å etablere ei systematisk tilnærming til fare og framtidige uønska hendingar, slik at nødvendige risikoreduserande tiltak kan identifiserast og takast omsyn til.

Analysen skal gi ei brei, overordna og representativ framstilling av risiko for tap av verdiar med omsyn til liv og helse, ytre miljø og økonomi. Analysen skal vere ein del av grunnlaget for å handsame og godkjenne planen.

Kva som vert vurdert som akseptabel risiko kjem fram av akseptkriteria for sannsyn og konsekvens samt risikomatrissa, vist under. Akseptkriteria for arealbruk er vedtekne av kommunestyret i sak 44/11, 14.4.2011. Dei vedtekne akseptkriteria er lagt til grunn for denne ROS-analysen.

Analysen gjev grunnlag for å vurdere om ønska ny arealbruk medfører ein risiko som kan akseptast. Dersom risikoen for uønska hendingar, som følgje av endra arealbruk ikkje er akseptabel, vert det foreslått risikoreduserande tiltak.

2.1 Føresetnader

Følgjande føresetnader er lagt til grunn for denne risiko og sårbaranalysen:

- Analysen er overordna og kvalitativ.
- Den er avgrensa til temaet samfunnstryggleik slik dette er beskrive av Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB).

- Risiko for stormflo er henta frå «Estimater for framtidige havnivåstigningar i norske kystkommuner, revidert utgåve 2009» utgitt av DSB- Det nasjonale klimatilpasningssekretariatet. 100 års stormflo er for Lindås kommune sett til 241 cm over havet usikkerhet (221-276).
- Analysen er avgrensa til arealet innafor plangrensene og influensområdet.
- Analysen fokuserer ikkje på dagens situasjon i planområdet, men på verknader av framtidig endra arealbruk. I den grad eksisterande verksemdar påverkar den nye arealbruken, er dette teke omsyn til.
- Analysen omfattar ikkje hendingar som tredje person kan bli påført i den tidsavgrensa byggeperioden.
- Analysen er avgrensa til vurdering av enkeltstående representative uønska hendingar som kan påverke det planlagde nye arealet, ikkje samanfallande hendingar.
- Analysen omfattar ikkje tilsikta (overlagte) handlingar slik som hæververk, sabotasje o.a.


2.2 Metode

Metoden er basert på hovudprinsippa i NS 5814² "Krav til risikovurderinger".

Standarden definerer risiko til å vere:

"Uttrykk for kombinasjonen av sannsynligheten og konsekvensen av en uønsket hendelse"

Risiko er knytt til uønska hendingar - dvs. hendingar som i utgangspunktet ikkje skal inntreffe. Det er difor usikkert både om hendinga vil skje (sannsyn) og omfanget (konsekvens) av hendinga dersom den skjer.



Figur 2: Dei ulike trinn i ein risiko- og sårbaranalyse

2.2.1 Fareidentifikasjon

Fareidentifikasjonen er utført i konsekvensutgreiinga. Her er risiko og sårbarheit vurdert som eit eige tema for kvart område som er foreslått teke inn i planen. Fareidentifikasjonen er gjort ved hjelp av ei sjekkeliste (SIGVE)³ som tek for seg tema naturrisiko, verksemdsrisiko, beredskapstiltak og sårbare objekt. Grunnlaget for vurderingane er overordna ROS i Lindås kommune, FylkesROS, skred- og flaumkart og lokal kunnskap.

Sårbarheit er definert i NS 5814 som:

- *"Manglande evne hos eit analyseobjekt (planområde) til å motstå verknader av uønska hendingar, og til å gjenopprette sin tilstand eller funksjon etter hendinga".*

² Standard Norge (2008): NS 5814:2008 Krav til risikovurderinger.

³ SIGVE, veileder for GIS i samfunnssikkerhet og arealplanleggingen, Vestlandsprosjektet.

2.3 Vurdering av sannsyn

Kor ofte ei uønska hending/tilstand kan skje, vert beskrive med hjelp av omgrepet sannsyn (hendingsfrekvens). Sannsynsvurderinga byggjer på erfaring, nye trendar (t.d. som følgje av klimaendringar), prognosar og vurderingar gjort på bakgrunn av lokal erfaring. Kategoriar for sannsyn brukt i denne analysen er som vedteke i kommunestyresak 44/11 om metodeval og akseptkriteria. Sannsynsvurderinga tek omsyn til krava i byggteknisk forskrift.

Tabell 1: Kategoriar for sannsyn

Kategori	Forklaring
S1 Lite sannsynleg	Mindre enn ei hending per 1000 år
S2 Mindre sannsynleg	Ei hending per 200 – 1000 år
S3 Sannsynleg	Ei hending per 20 – 200 år
S4 Mykje sannsynleg	Ei hending per 2 – 20 år
S5 Svært sannsynleg	Ei hending per 2 år eller oftare

2.4 Vurdering av konsekvens

Konsekvenskategoriane er definert for tap av verdiar knytt til menneske, liv og helse (MLH), ytre miljø og økonomi. Kategoriane er oppsummerte i tabellane under.

Tabell 3: Konsekvenskategoriar liv og helse (LH)

Kategori	Forklaring
K1 Ubetydeleg	Ingen personskadar
K2 Mindre alvorleg	Få og små personskadar
K3 Betydeleg	Få, men alvorlege personskadar
K4 Alvorleg	1 død, og/eller 10 alvorleg skadde, og/eller 250 evakuerte
K5 Svært alvorleg	Meir enn 1 død, og/eller meir enn 10 alvorleg skadde, og/eller meir enn 250 evakuerte

Tabell 4.: Konsekvenskategoriar miljø

Kategori	Forklaring
K1 Ubetydeleg	Ingen miljøskadar eller ureining av omgjevnadene
K2 Mindre alvorleg	Mindre skadar på miljøet som vert utbetra etter kort tid
K3 Betydeleg	Middels alvorlege miljøskadar av stort omfang, eller; alvorlege miljøskadar av lite omfang
K4 Alvorleg	Store og alvorlege miljøskadar
K5 Svært alvorleg	Varig, alvorleg skade på miljøet

Tabell 5: Konsekvenskategoriar økonomi

Kategori	Forklaring
K1 Ubetydeleg	Skadar for inntil kr 30 000
K2 Mindre alvorleg	Skadar mellom kr 30 000 og 300 000
K3 Betydeleg	Skadar mellom kr 300 000 og 3 000 000
K4 Alvorleg	Skadar mellom kr 3 000 000 og 30 000 000
K5 Svært alvorleg	Skadar for meir enn kr 30 000 000

2.5 Vurdering av risiko

I risikovurderinga er uønska hendingar plassert inn i ei risikomatrix som produkt av sannsyn og konsekvens. Akseptkriteria for risiko kjem fram av dei farga sonene, som er tilpassa settet av kriterium:

Tabell 6: Risikomatrix

S A N N S Y N N	S5 Svært sannsynleg					
	S4 Mykje sannsynleg					
	S3 Sannsynleg					
	S2 Mindre sannsynleg					
	S1 Lite sannsynleg					
		K1 Ubetydeleg	K2 Mindre alvorleg	K3 Betydeleg	K4 Alvorleg	K5 Svært alvorleg
K O N S E K V E N S						

Dersom eit av dei tre tema (MLH – miljø – økonomi) sine akseptkriteria (K1-K5) eller sannsynsvurderinga kjem i gul eller raud sone, vil det seia at hendinga har ein betydeleg risiko, og tiltak skal vurderast.

For dei scenaria som ligg i **raud sone**, er risikoen uakseptabel. Dette inneber at det må setjast i verk risikoreduserande tiltak for å risikoen innanfor akseptable rammer (helst grøn sone). Dette kan innebere at eit planlagt tiltak må takast ut av planen eller reduserast i omfang. Det kan òg setjast føresegner med rekkefølgjekrav om sikringstiltak. Om ein ikkje har god nok kunnskap om risikoen, kan det stillast krav om nærare undersøkingar i samband med byggetiltak eller reguleringsplan, slik at risikoen kan kartleggjast meir presist og eventuelle førebyggjande eller avbøtande tiltak planleggast.

Når det gjeld scenario i **gul sone**, skal tiltak bli vurdert for å betra tryggleiken. Dersom det er kostnadmessig og praktisk forsvarleg, skal tiltak gjennomførast. Det skal vera eit mål å få risikoen så låg som praktisk mogleg.

Scenaria i **grøn sone** er i utgangspunktet uttrykk for akseptabel risiko, men ytterlegare risikoreduserande tiltak bør gjennomførast når det er mogeleg utifrå økonomiske og praktiske vurderingar.

3. Konsekvensutgreiing

3.1 Spjeldnes gard

Konsekvensutgreiing

Eigedom: 87/1

Storleik: ca. 2,1 da


Noverande arealbruk: LNF

Føreslått arealbruk: LNF for spreidde næringsbygningar.

Områdeskildring: Området ligg på Spjeldnes på Lindås. Området for spreidd næring omfattar tunet/fjøset på garden, der det skal drivast servering, kurs m.m. Det vert i tillegg sett av areal rundt, slik at ein kan få til eit tilstrekkeleg parkeringsareal, som ikkje ligg på dyrka mark og som ikkje vert eksponert i landskapet. Det vert ikkje opna for nye bygg.

Vurdering ut frå målsetjingane for planen:

Tiltaket er i samsvar med delmålet om å "legge til rette for småskala fritids- og turistføremål der det ikkje kjem i konflikt med natur-, bustad- og næringsinteresser eller andre viktige samfunnsinteresser". Tiltaket er ikkje i vesentleg konflikt med andre mål for planarbeidet.



Figur 1: Framlegg til endring



Detaljert vurdering:

Tema	Verdi	Påverknad	Konsekvens	Merknad
Landskap	Beskytte/ Stor verdi	Intet/Noko negativ	Ubetydeleg	Spjeldneset er eit eksponert kulturlandskap i eit storsundlandskap. Men når tiltaket ligg i tunet vil det ha liten påverknad på landskapet sett frå sjø.
Friluftsliv	Liten	Noko negativ	Ubetydeleg	Området så nær tunet er ikkje aktuelt for friluftsliv. Påverkar ikkje ferdsle langs vegen gjennom tunet.
Naturmangfald	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Det står ei gamal, freda ask sør for våningshuset. Treet vert ikkje påverka av tiltaket.
Landbruk	Liten	Middels negativ	Noko negativ	Gardstunet er ikkje i tradisjonell drift lenger, og har låg verdi for landbruket. Innmarka vert leigd bort. Endring til spreidd næring inneber at det ikkje vil kunne etablerast tradisjonell landbruksdrift i fjøset igjen.

Helse	*	Noko positiv	Noko positiv	
Kulturminne og kulturmiljø	Middels	Noko negativ	Noko negativ	Tunet på garden er del av eit gardsmiljø, med blant anna eit gammalt sagbruk, naust m.m. Bustadhuset er gammalt og bevaringsverdig. Ombygging av fjøset vil ikkje medføre vesentlege verknader for kulturmiljøet.
Risiko og sårbarheit	*	Noko negativ	Noko negativ	Tiltaket vil medføre auka trafikk til og frå området. Fareidentifikasjon: Trafikktryggleik
Miljø og klima	*	Noko negativ	Noko negativ	Tiltaket vil medføre auka trafikk, noko som vil kunna medføre noko auka klimagassutslepp.
Born og unge	*	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket har ingen verknader for born og unge.
Samfunn	*	Middels positiv	Middels positiv	Tiltaket har positiv verdi for samfunnet ut frå at det vert skapt arbeidsplassar lokalt og gjev eit nytt tilbod i denne delen av kommunen.
Samla vurdering			Ubetydeleg	Samla konsekvens vert vurdert å vere ubetydeleg. Dei positive verdiane for lokalsamfunnet veg opp dei små negative verknadane. Det vert opna for 1 ny bygning i planperioden.

Celler merka * tyder at det ikkje ligg føre dokumentert kunnskap om området, eller at vurderinga ikkje er relevant for det aktuelle temaet.

ROS-analyse

Identifiserte farar:

Trafikktryggleik (TT)

Drøfting av sannsyn:

Tiltaket vil medføre auka trafikk til og frå tunet, gjennom eit bustadområde. Det vert òg meir trafikk i Lindåsbrekka, forbi skulane m.m. Trafikken vil truleg vere særleg knytt mot helg og høgtid. Sannsyn for auka trafikkfare vert vurdert å kunne vere sannsynleg, S3, med ei hending kvart 20–200 år.

Drøfting av konsekvens:

Liv og helse: Konsekvensen ved ei trafikkulukke vil truleg bli mindre alvorleg, K2, få og små personskadar. Dette pga at det er låg fart i området.

Ytre miljø: K1, ubetydeleg.

Materielle verdiar: K1, ubetydeleg.

Risikovurdering:

LIV OG HELSE						MILJØ						ØKONOMI											
Z	S5	■	■	■	■	Z	S5	■	■	■	■	Z	S5	■	■	■	■						
	S4	■	■	■	■		Y	S4	■	■	■		■	Y	S4	■	■	■	■				
	S3	■	■	TT	■			S	S3	■	TT		■		■	S	S3	■	TT	■	■		
	S2	■	■	■	■				N	S2	■		■		■		■	N	S2	■	■	■	■
	S1	■	■	■	■					A	S1		■		■		■		■	A	S1	■	■
					S							S											
	K1	K2	K3	K4		K5	S		K1		K2		K3	K4	K5	S		K1	K2		K3	K4	K5
KONSEKVENNS						KONSEKVENNS							KONSEKVENNS										

Avbøtande tiltak:

- Ingen.

3.1.2 Framlegg til endring av plandokumenta for eigedom 87/1

Arealplankartet vert endra med eige føremål for «LNF for spreidde næringsbygningar» (5230).


3.2 Indre Lygra

Konsekvensutgreiing

Eigedom: 58/164 og 58/62
Storleik: ca 1,5 da
Noverande arealbruk: Lnf (frådelt til bustader i 2007)
Føreslått arealbruk: Bustadføremaal

Områdeskildring: Tomta ligg eksponert mot Lurefjorden. Omgjevnaden er allereie utbygd som eit «byggefelt». Tomta ligg heilt inntil ein eksisterande bustad, og det er også delt frå ei tomt på andre sida. Strandsona nedanfor tomten er bratt og tomten vil ikkje privatisere verdfull strandsona.

Vurdering ut frå målsetjingane for planen:
 Tiltaket er i samsvar med delmålet om å «opprethalde busetnaden innanfor planområdet ved å legge til rette for ei forsiktig utbygging i tilknytning til etablert busetnad, som LNF-spreidd eller mindre byggjeområde».



Figur 2: Framlegg til endring

Detaljert vurdering:

Tema	Verdi	Påverknad	Konsekvens	Merknad
Landskap	Endre/ Liten verdi	Middels negativ	Middels/ noko negativ	Landskapsanalysen har definert strandsona som allereie berørt og vektar landskapet til å ha liten verdi slik det ligg idag. Tomtane ligg delvis eksponert til på eit høgdedrag. Byggjegransa mot sjø må settast i same avstand frå sjø som på eksisterande bustadområde. På eksponerte tomter er det viktig å ivareta omsynet til terrengtilpassing. Her er lite vegetasjon som vil skjerme inngrepet.
Friluftsliv	Liten	Noko negativ	Ubetydeleg	Strandsona i området er bratt og lite tilgjengeleg.
Naturmangfald	*	*	*	Ikkje kjende registreringar. Arealet er lite og består stort sett av fjell i dagen og tynt humusdekke.
Landbruk	Liten	u.b	U.b	Impediment.
Helse	*	*	*	Ingen betydning for folkehelse.
Kulturminne og kulturmiljø	Liten	u.b	u.b	Ingen registrerte kulturminne. Berre nyare bygg.
Risiko og sårbarheit	*	*	*	Ingen

Miljø og klima		Noko negativ	Noko negativ	To bueingar vil ikkje føra til merkbar auke i trafikken. Området ligg lang unna servicetilbod og kollektivtilbod
Born og unge	*	*	*	Tiltaket har ingen verknader for born og unge.
Samfunn			Noko positivt	Tiltaket har ein liten positiv effekt for samfunnet ut frå at fleire bustader kan styrka lokalsamfunnet.
Samla vurdering			Noko negativt	Tomtane ligg på eit høgdedrag sett frå sjøen. Tomtane er frådelt i 2007 og er elles lite konfliktfylte opp mot andre vurderingskriterie. For å sikre likebehandling i høve 58/1 og 5 mfl. vert arealføremålet endra til Lnf-spreidd.


ROS-analyse
Identifiserte farar: Ingen
Drøfting av sannsyn: <i>Havnivåstigning i 2100 vert rekna til 73 cm og stormflo 240 cm. Dei aktuelle tomtene for bustadbygging ligg 10 – 15 moh. Ikkje sannsyn for at bustadhus vert råka av stormflo.</i>

3.2.1 Framlegg til endring av plandokumenta for eigedom 58/164 og 58/62

For å sikre likebehandling i høve eigedomane 58/1 og 5 mfl. vert arealføremålet for 58/164 og 58/62 endra til Lnf-spreidd bustad. Plankartet får endra arealføremål til LNF-spreidd bustadbygging med nemning SB5. I føresegn 4.11 vert tal bustader knytt til føremål SB5 avgrensa til 2 bueingar.

3.3 Lygra

Konsekvensutgreiing
<p>Eigedom: 58/1 og 5 m.fl. Storleik: ca 20 da Noverande arealbruk: Lnf Føreslått arealbruk: Lnf for spreidde bustader</p> <p>Områdeskildring: Tomtene ligg i småkupert og delvis skogkledd landskap. Lokaliseringa er ikkje særleg eksponert frå sjø.</p> <p>Vurdering ut frå målsetjingane for planen: Tiltaket er i samsvar med delmålet om å «oppretthalde busetnaden innanfor planområdet ved å legge til rette for ei forsiktig utbygging i tilknytning til etablert busetnad, som LNF-spreidd eller mindre byggeområde». Dette er eit område i tilknytning til eksisterande område for bustader, og som difor vil vera ei naturleg utviding av dette området. Utvidinga vil i liten grad gå ut over landskapsverdiane og vil i liten grad gå inn i strandsona. Det er ingen omsynssoner i området. Det er også ein fordel at området går over fleire eigedomar, slik at det kan koma meir enn ein grunneigar til gode.</p>



Figur 3: Framlegg til endring i plankartet.

Detaljert vurdering:

Tema	Verdi	Påverknad	Konsekvens	Merknad
Landskap	Endre/ Vedlikehalde Middels verdi	Noko negativ	Noko negativ	Liten visuell påverknad. Tomtene ligg i nærleiken av eksisterande felt.
Friluftsliv	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Må sikra sti til badeplass gjennom føresegnene
Naturmangfald	Låg	Noko negativ	Ubetydeleg	
Landbruk	Låg	Ubetydeleg	ubetydeleg	Området ligg ikkje i nærleiken av tun. Arealet består delvis av middels bonitet skog og uproduktiv mark. Området har mindre verdi for landbruket.
Helse	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	
Kulturminne og kulturmiljø	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Det er ikkje registrert kulturminne innanfor området.
Risiko og sårbarheit	Høg	Noko negativ	Noko negativ	Trafikktryggleik.
Miljø og klima		Noko negativ	Noko negativ	Tiltaket vil kunne føra til noko auka trafikk, noko som kan føra til noko auka klimagassutslepp.
Born og unge		Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket har ingen særleg verknad for born og unge
Samfunn		Noko positiv	Noko positiv	Tiltaket vil gje grunnlag for å styrka busetnaden i denne delen av kommunen.
Samla vurdering			Noko negativ	Tiltaket vert tilrådd tatt med i planen då det er samsvar med delmål. Samstundes er det riktig utifrå eit overordna mål om Areal- og transportøkonomisk planlegging å begrense utbygginga til kun få og spreidde bustader på Lygra som ligg så langt frå regionsenteret Knarvik.

ROS-analyse

Identifiserte farar: Trafikktryggleik, høgspenlinje

Drøfting av sannsyn: Inntil 5 nye bueiningar kan gje noko auka lokaltrafikk på Lurevegen (Fv404). I tillegg er det periodevis ein del trafikk knytt til aktivitetar og opningstider på Lyngheisenteret. Sannsyn for auka trafikkfare vert vurdert til å vere sannsynleg, S3.

Det går ei høgspenlinje (22kV) gjennom området.

Drøfting av konsekvens:

Liv og helse: Konsekvensen ved ei trafikkulukke vil truleg bli mindre alvorleg, K2, få og små personskadar. Fartsgrensa på Lurevegen er 80 km/t.

Ytre miljø: Ubetydeleg, K1

Materielle verdier: Ubetydeleg, K1

Risikovurdering:

LIV OG HELSE					
Z	S5				
	S4				
Y	S3	TT			
	S2				
N	S1				
A					
S		K1	K2	K3	K4
KONSEKVENNS					

MILJØ					
Z	S5				
	S4				
Y	S3	TT			
	S2				
N	S1				
A					
S		K1	K2	K3	K4
KONSEKVENNS					

ØKONOMI					
Z	S5				
	S4				
Y	S3	TT			
	S2				
N	S1				
A					
S		K1	K2	K3	K4
KONSEKVENNS					

Avbøtende tiltak:

- Setje krav til god avkøyrslse.
- Bør vurdere gjerde eit stykke langs fylkesvegen.
- Det bør søkjast om å senke fartsgrensa i området.

3.3.1 Framlegg til endring av plandokumenta for eigedom 58/1 og 5 m.fl.

Arealplankartet vert endra til «Lnf for spreidde bustader». I føresegn 4.11 må det tilføyast eit SB-område med grense på 5 bueiningar i planperioden. Føresegn om at «Før utbygging av SB4 , skal Lurevegen (Fv 404) utbetrast med møteplassar og betre siktilhøve».

3.4 Spjotøy

Konsekvensutgreiing

Eigedom: 83/1

Storleik: ca. 0,15 da

Noverande arealbruk: Lnf Reguleringsplanen for Spjotøy hyttefelt (vedtatt 04.06.81) har avsett vika til «Badevik».

Føreslått arealbruk: LNF med opning for spreidd naustbygging (flltyting av naustområde,tidlegare framlegg vert sletta)

Områdeskildring:

Vika som er foreslått til naust ligg i regulert hytteområde. Tilkomst til denne vika er allereie tilrettelagt.

Vurdering ut frå målsetjingane for planen:

Tiltaket er i samsvar med delmålet om å «opne for utviding/fortetting av eksisterande naustområde, der tilhøva ligg til rette for det». Forslaget er å flytte godkjend lokalitet for naust til ny lokalitet 50m unna.



Figur 4: Illustrert endring

Detaljert vurdering:

Tema	Verdi	Påverknad	Konsekvens	Merknad
Landskap	Vedlikehalde/ Middels verdi	Ingen/ Noko negativt	Ubetydeleg	Flytting av naust frå godkjent lokalitet vil ikkje verte eit større inngrep i landskapet enn gjeldande plassering.
Friluftsliv	Låg	Ingen	Ubetydeleg	Vika som nauster er foreslått flytta til, er ikkje ibruk til bading. Badevika finn ein lenger sør.
Naturmangfald	Låg	Ingen	Ubetydeleg	Ingen kjende
Landbruk	Låg	Ingen	Ubetydeleg	
Helse				
Kulturminne og kulturmiljø	Låg	Ingen	Ubetydeleg	Det er ikkje registrert kulturminne i området
Risiko og sårbarheit	Middels	Noko negativt	Noko negativt (-)	Havnivåstigning i 2100 vert rekna til 73 cm og stormflo 240 cm. For naust er det liten fare for personskade då bygget ikkje er meint for varig opphald.
Miljø og klima	*	*	*	Ingen
Born og unge	*	*	*	Tiltaket har ingen påverknad for born og unge.
Samfunn	*	*	*	
Samla vurdering			Ubetydeleg	Vika som er foreslått til naust ligg i regulert hytteområde. Tilkomst til vika ligg betre tilrettelagt enn den tomte som tidlegare var avsett. Vika er ikkje ibruk til bading i dag.

ROS-analyse

Identifiserte farar:

Stormflo (SF)

Drøfting av sannsyn:

Området ligg bra skjerma i høve vind og bølger. Men med hyppigare eksremvær kan det vere fare for stormflo. Sannsyn: S3

Drøfting av konsekvens:

Liv og helse

Det oppheld seg sjeldan folk ved naust og uvær vil vere varsla. Ingen personskadar, K1.

Ytre miljø

Ingen miljøskadar eller ureiningar av omgjevnaden. Ubetydeleg K1.

Materielle verdiar

Det kan oppstå skadar for mellom 30 000 og 300 000 kr. K2.

Risikovurdering:

LIV OG HELSE					
Z	S5				
	S4				
Y	S3	SF			
	S2				
N	S1				
A					
S		K1	K2	K3	K4
KONSEKVENNS					

MILJØ					
Z	S5				
	S4				
Y	S3	SF			
	S2				
N	S1				
A					
S		K1	K2	K3	K4
KONSEKVENNS					

ØKONOMI					
Z	S5				
	S4				
Y	S3	SF			
	S2				
N	S1				
A					
S		K1	K2	K3	K4
KONSEKVENNS					

Avbøtande tiltak:

- Ingen

3.4.1 Framlegg til endring av plandokumenta for naustområde på gbnr. 83/1

I medhald av den nyaste kartforskrifta, er det no to ulike måtar å vise naust på i overordna arealplanar. Den eine er som LNF med opning for spreidd naustbygging. Dette er meint å vere den vanlege måten å framstille naustområde. Der det er aktuelt å leggje til rette for konsentrert naustbygging, skal området visast som anna byggeområde med reguleringsplankrav. Det er gjort eit arbeid både i gjeldande kommuneplan og i planforslaget for Lindåsosane, Lurefjorden og Lygra som vart lagt fram til handsaming 14.12.2011. Gbnr. 83/1 gjeld berre eitt naust og vert tilrådd avsett til LNF-område med opning for spreidd naustbygging.

Arealplankartet set av 0,15 daa til LNF med bestemmelsesområde, merka med # 10 i plankartet og knytt til føresegn 4.32. Tidlegare lokalisering på austsida vert sletta som føremål naust.

3.5 Risa

Konsekvensutgreiing

Eigedom: 123/2

Storleik: ca 0,65 da

Noverande arealbruk: Lnf med bestemmelsesområde /Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

Føreslått arealbruk: Naustområde


Det er også kome innspel frå grunneigar om at det vil vere behov for p-plass knytt til naust.

Områdeskildring: Naustområdet NA4 vert i planforslaget utvida mot sør slik at dei omfattar to av dei eksisterande nausta i området. Det tredje og siste naustet vert ikkje teke med i naustområdet då det er eit gammalt steinnaust som ein ynskjer å ta vare på (ikkje opne for å rive og byggje nytt). Det vert opna for at eksisterande naust inst i vågen kan flyttast ut i flukt med dei eksisterande nausta. Dette ut ifrå at vika inn til naustet er tørrlagt ved fjøre sjø. Naustområde vert i samsvar med praksis i nyleg vedteken kommuneplan, avsett som LNF med bestemmelsesområde. Føremålsgrrensa vert å fungere som byggegrense mot sjø i plankartet.

Vurdering ut frå målsetjingane for planen:

Tiltaket samsvarer med delmålet om å «opne for utviding/ fortetting av eksisterande naustområde, der tilhøva ligg til rette for det».

Når det gjeld parkering knytt til naust, set kommuneplanen sine føresegner krav om 1 p-plass pr. nausteining (jfr.§1.12). P-plass knytt til naust vert ikkje avsett som eige føremål i kommuneplanen. Føresegn §1.12 sikrar grunneigar rett til å opparbeide 1 plass for personbil pr nausteining.



Figur 5: Området vist med raud avgrænsing i planforslag



skråfoto

Detaljert vurdering:

Tema	Verdi	Påverknad	Konsekvens	Merknad
Landskap	Vedlikehalde/ Middels verdi	Noko negativ	Noko negativ	Flytting av naustet på bnr 2 vil endre strukturen på dagens naustmiljø. Naustet vert meir synleg og medfører attfylling av ei lita vik. Endringane vert ikkje vurdert som veldig dramatiske.
Friluftsliv	Låg	Noko negativ	Noko negativ	
Naturmangfald	Låg	ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen kjende registreringar
Landbruk	*	*	*	Ikkje landbruksareal. Tiltaket vil sikre hovudbruket eit naust som kan nyttast både ved flo og fjøre.
Helse	*	*	*	
Kulturminne og kulturmiljø	Middels	Noko negativ	Noko negativ	Det ligg eit eldre «steinnaust» like ved utvidinga av NA4. Omsynet til naustet vert sikra ved at det ikkje vert innlemma i NA4, samt at flytting av naustet på bnr.2 ikkje kan kome lengre ut i vågen enn dei eksisterande nausta.
Risiko og sårbarheit	*	*	*	
Miljø og klima	*	*	*	
Born og unge	høg	ubetydeleg	ubetydeleg	
Samfunn			ubetydeleg	
Samla vurdering			Ubetydeleg	Utvidinga av område NA4 vert tilrådd teke med i planen som LNF med opning for spreidd naustbygging.

ROS-analyse

Identifiserte farar:

Stormflo (SF)

Drøfting av sannsyn:

Området ligg bra skjerna i høve vind og oppbygging av bølger. Med hyppigare estremvær kan det vere fare for stormflo. Sannsyn; S3.

Drøfting av konsekvens:

Liv og helse

K1 – ingen fare for personskadar.

Ytre miljø: Ingen miljøskadar eller ureiningar av omgjevnaden. Ubetydeleg K1.

Materielle verdiar: K2 – fare for materielle skadar i intervallet 30 000 – 300 000 kr.

Risikovurdering:

LIV OG HELSE						
Z Y S N N	S5	Yellow	Red	Red	Red	Red
	S4	Green	Yellow	Red	Red	Red
	S3	Green	Yellow	Yellow	Red	Red
	S2	Green	Green	Yellow	Yellow	Red
	S1	Green	Green	Green	Green	Yellow
A S						
		K1	K2	K3	K4	K5
		KONSEKVENNS				

MILJØ						
Z Y S N N	S5	Yellow	Red	Red	Red	Red
	S4	Green	Yellow	Red	Red	Red
	S3	Green	Yellow	Yellow	Red	Red
	S2	Green	Green	Yellow	Yellow	Red
	S1	Green	Green	Green	Green	Yellow
A S						
		K1	K2	K3	K4	K5
		KONSEKVENNS				

ØKONOMI						
Z Y S N N	S5	Yellow	Red	Red	Red	Red
	S4	Green	Yellow	Red	Red	Red
	S3	Green	Yellow	Yellow	Red	Red
	S2	Green	Green	Yellow	Yellow	Red
	S1	Green	Green	Green	Green	Yellow
A S						
		K1	K2	K3	K4	K5
		KONSEKVENNS				

Avbøtande tiltak:

- Ingen

3.5.1 Framlegg til endring av plandokumenta for naustområde på gbnr. 83/1

Naustområde vert i samsvar med praksis i nyleg vedteken kommuneplan, avsett som LNF med bestemmelsesområde #4. Føresegnene knytt til bestemmelsesområdet #4 vert avgrensa til bygging av tre nye naust i tillegg til flytting av naust på gbnr.123/2.

Omsynet til steinnaust vert sikra ved at det ikkje vert innlemma i NA4.

3.6 Kvalvågnes

Konsekvensutgreiing

Eigedom: 84/4

Storleik:

Noverande arealbruk: LNF

Føreslått arealbruk: Småbåthamn

Områdeskildring: Ønskje om flytebyggje i eit mindre område i Mikkelvågen som frå gammalt av har vore nytta som fortøyningsplass for garden 84/4. Området er prega av svaberg, godt eigna for bading.

Vurdering ut frå målsetjingane for planen:
Tiltaket samsvarer med delmålet «Sette av område for småbåthamn».



Figur 6:Området vist i i planforslag



skråfoto

Detaljert vurdering:

Tema	Verdi	Påverknad	Konsekvens	Merknad
Landskap	Vedlikehold/ Middels verdi	Middels negativt	Middels negativ (--)	I dag eit relativt uberørt område med svaberg. Det vert viktig med god tilpassing på land. Omfanget og inngrepet må begrensaast gjennom føresegnene.
Friluftsliv	Middels	Middels negativ	Middels negativ (--)	Vika ved tenkt småbåthavn er godt eigna for bading. Ligg som nærområde for hyttefelt. Plasseringa av flytebrygge må ta omsyn til sikkerheita for badande. Det vert tilrådd å flytte den noko lenger sør enn det skissa til innspelet syner, bla for å unngå sperring av ei idyllisk vik og m.o.t privatisering av strandsona.
Naturmangfald	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registreringar
Landbruk	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ligg ikkje inntil landbruksareal
Helse	Middels	Noko positivt	Noko positiv(+)	Det vert lagt til rette for auka fysisk aktivitet ved at det vert lokalitet for sjøsetting av kano
Kulturminne og kulturmiljø	*	*	*	Ingen registreringar
Risiko og sårbarheit	*	Noko negativ	Noko negativ	Havnivåstigning. Ikkje fare for personskadar då det ikkje er varig opphald.
Miljø og klima	*	*	*	
Born og unge	*	*	*	
Samfunn	Middels	Noko positiv	Noko positiv(+)	
Samla vurdering			Noko negativ konsekvens	Området var opprinneleg ikkje tilrådd som del av planframlegget. Tilrettelegging for kano-/kajakktutsetjing vil oppvega ein del av dei negative konsekvensane ved småbåthamna. Med mindre justeringar vil opplevinga av privatisering i strandsona kunne reduserast noko.

